

## Innkalling

---

Utval	Fjord kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Fjord rådhus Valldal
Dato	04.09.2023
Tidspunkt	kl 10:00

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksiks.no](mailto:post@sksiks.no) eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

PS 10/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 11/23	Meldingar
MS 03/23	Årsmøteprotokoll 2023 Møre og Romsdal Revisjon SA
MS 04/23	Tilsynsrapport - kommunal beredskapsplikt i Fjord kommune
PS 12/23	Revisjon- og kommunikasjonsplan 2023 Fjord kommune
PS 13/23	Revisoruttale frå forenkla etterlevingskontroll 2022
PS 14/23	Budsjetttilråding 2024 frå Fjord kontrollutval
PS 15/23	Evaluering av perioden 2019 - 2023 Fjord kontrollutval

Ålesund, 28.08.2023

Jonas Falch  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/23	Fjord kontrollutval	04.09.2023

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

#### **Vedlegg**

Møteprotokoll - Fjord kontrollutval - 05.06.2023

## Møteprotokoll

---

<b>Utval</b>	Fjord kontrollutval
<b>Møtestad</b>	Kommunestyresalen, Fjord Rådhus Valldal
<b>Dato</b>	05.06.2023
<b>Tidspunkt</b>	kl 10:00 - 11:10

---

### Følgjande medlemmer møtte

Gudmund Relling  
Solveig Linge Stakkestad  
Tanja Mathiesen

### Forfall

Jonas Falch  
Nina Beate Grøndahl

### Møtande varamedlem

Emil-Einar Kaldhussæter  
Stein Inge Rem

### Møtenotat

Frå administrasjonen møtte konstituert kommunedirektør Arne Krohn og konstituert økonomisjef Einar Hoel.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte rekneskapsrevisor Anne Grete Solheim Sjørgård.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Ordførar Eva Hove deltok på heile møte.

Solveig Linge Stakkestad  
Nestleiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 07/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 08/23 Revisorbrev nr. 01 for Fjord kommune
- PS 09/23 Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 Fjord kommune



## **PS 07/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

### **Fjord kontrollutval 05.06.2023**

#### **Behandling**

Samrøystes vedteken.

#### **FKU - 07/23 vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 08/23 Revisorbrev nr. 01 for Fjord kommune**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Fjord kontrollutval tek det nummererte brevet frå kommunerevisjonen til vitande. Kontrollutvalet forutset at administrasjonen følger opp dei punkta som blir nemnd i brevet og bed om at dette blir rapportert tilbake til kontrollutvalet innan utgangen av 2023.

### **Fjord kontrollutval 05.06.2023**

#### **Behandling**

Samrøystes vedteken.

#### **FKU - 08/23 vedtak**

Fjord kontrollutval tek det nummererte brevet frå kommunerevisjonen til vitande. Kontrollutvalet forutset at administrasjonen følger opp dei punkta som blir nemnd i brevet og bed om at dette blir rapportert tilbake til kontrollutvalet innan utgangen av 2023.

## **PS 09/23 Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 Fjord kommune**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktiviteter retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande til Fjord kommunestyre:

1. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 for Fjord kommune.
2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.

### **Fjord kontrollutval 05.06.2023**

#### **Behandling**

Samrøystes vedteken.

#### **FKU - 09/23 vedtak**

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktiviteter retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande til Fjord kommunestyre:

1. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 for Fjord kommune.
2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapen og årsmeldinga 2022 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/23	Fjord kontrollutval	04.09.2023

## Meldingar

### Underliggende saker

03/23	Årsmøteprotokoll 2023 Møre og Romsdal Revisjon SA
04/23	Tilsynsrapport - kommunal beredskapsplikt i Fjord kommune

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 03/23	Fjord kontrollutval	04.09.2023

## Årsmøteprotokoll 2023 Møre og Romsdal Revisjon SA

### Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

### Bakgrunn:

Sjå vedlagte møteprotokoll frå årsmøte 2023 Møre og Romsdal Revisjon SA (samvirkeforetak).

### Vedlegg

Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## MØTEPROTOKOLL

### ÅRSMØTE MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Møtested: Scandic Seilet Hotel, Gideonvegen 2, Molde

Møtedato: 05.06.2023

Kl.: 10.00-12.00

#### Deltakere

Kommune	Representant	Kommentar
Aukra kommune	Torgeir Dahl	m/fullmakt
Aure kommune	Kjell Neergaard	m/fullmakt
Averøy kommune	Ingrid Rangønes	
Giske kommune	Harry Walderhaug	
Gjemnes kommune	Knut Sjømæling	
Hustadvika kommune	Tove Henøen	
Kristiansund kommune	Kjell Neergaard	
Molde kommune	Torgeir Dahl	
Møre og Romsdal fylkeskommune	Gunn Randi Seime	m/fullmakt
Rauma kommune	Yvonne Wold	
Rindal kommune	Mildrid Aune	
Smøla kommune	Svein Roksvåg	
Stranda kommune	Jan Ove Tryggestad	
Sunnadal kommune	Kjell Neergaard	m/fullmakt
Surnadal kommune	Mildrid Aune	m/fullmakt
Sykkylven kommune	Odd Jostein Drotninghaug	
Tingvoll kommune	Arne Magnus Aasen	m/fullmakt
Vestnes kommune	Randi Bergundhaugen	
Ålesund kommune	Frode Andresen	m/fullmakt

---

#### MØTTE IKKE:

Fjord og Sula kommuner

---

#### ANDRE:

Fra styret: Line Karlsvik, Ronny Rishaug

Fra administrasjonen: Daglig leder Martin G. Mortensen, nestleder Kurt Løvoll

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Det ble orientert om antall stemmer i møtet, jf vedtektene § 7.

I møtet:

<b>Kommune</b>	<b>Fjorårets omsetning</b>	<b>Antall stemmer</b>
Aukra kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Aure kommune	Under 0,5 mill. kroner	1
Averøy kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Fjord kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Giske kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Gjemnes kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Hustadvika kommune	1 - 2 mill. kroner	4
Kristiansund kommune	2 - 3 mill. kroner	6
Molde kommune	2 - 3 mill. kroner	6
Møre og Romsdal fylkeskommune	1 - 2 mill. kroner	4
Rauma kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Rindal kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Smøla kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Stranda kommune	1 - 2 mill. kroner	4
Sula kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Sunndal kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Surnadal kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Sykkylven kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Tingvoll kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Vestnes kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Ålesund kommune	3 - 5 mill. kroner	8
		<b>57</b>

Ikke møtt:

<b>Kommune</b>	<b>Fjorårets omsetning</b>	<b>Antall stemmer</b>
Fjord kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
Sula kommune	0,5 - 1 mill. kroner	2
		<b>4</b>

57 antall stemmer representert.

## SAKER

### **01/23 – Godkjenning av innkalling**

Fast møteleder Torgeir Dahl har møteledelsen.

Møteleder Torgeir Dahl fremmet følgende forslag:

Innkallingen godkjennes.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Innkallingen godkjennes.

### **02/23 – Valg av referent og 2 til å underskrive protokoll**

Møteleder fremmet følgende forslag:

Referent: Martin G. Mortensen

Underskrifter protokoll i tillegg til møteleder: Gunn Randi Seime og Kjell Neergaard

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Referent: Martin G. Mortensen

Underskrifter protokoll i tillegg til møteleder: Gunn Randi Seime og Kjell Neergaard

### **03/23 – Godkjenning av sakliste og stemmevekker**

Møteleder fremmet følgende forslag:

Sakslisten godkjennes og sak om godtgjørelse til styret behandles som ny sak under eventuelt.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Sakslisten godkjennes og sak om godtgjørelse til styret behandles som ny sak under eventuelt.

## 04/23 – Rapportering strategidokument

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet vedtar rapporteringen på strategidokumentet.

Strategidokumentet videreføres som overordnede mål og retningslinjer for driften i Møre og Romsdal Revisjon SA.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar rapporteringen på strategidokumentet.

Strategidokumentet videreføres som overordnede mål og retningslinjer for driften i Møre og Romsdal Revisjon SA.

## 05/22 – Årsregnskap 2022

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet vedtar regnskapet for 2022:

Underskuddet på 176 243 kr dekkes av annen egenkapital (disposisjonsfond)

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar regnskapet for 2022:

Underskuddet på 176 243 kr dekkes av annen egenkapital (disposisjonsfond)

## 06/23 – Åpenhetsrapport

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet vedtar åpenhetsrapporten for 2023

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar åpenhetsrapporten for 2023



# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## 07/23 – Budsjett 2023 og økonomiplan

Innstilling fra styret:

Årsmøtet vedtar budsjett 2024 og økonomiplan:

	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Økonomiplan</b>	<b>Økonomiplan</b>	<b>Økonomiplan</b>
	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>
Driftsutgifter	4 427 931	4 500 000	4 700 000	4 800 000	5 000 000	5 100 000
Inntekter	-26 381 400	-27 000 000	-28 400 000	-29 400 000	-30 500 000	-31 500 000
Lønn	22 129 712	22 500 000	23 700 000	24 600 000	25 500 000	26 400 000
<b>Sum</b>	<b>176 243</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Styret gis fullmakt til å gjøre budsjettendringer

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar budsjett 2024 og økonomiplan:

	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Økonomiplan</b>	<b>Økonomiplan</b>	<b>Økonomiplan</b>
	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>
Driftsutgifter	4 427 931	4 500 000	4 700 000	4 800 000	5 000 000	5 100 000
Inntekter	-26 381 400	-27 000 000	-28 400 000	-29 400 000	-30 500 000	-31 500 000
Lønn	22 129 712	22 500 000	23 700 000	24 600 000	25 500 000	26 400 000
<b>Sum</b>	<b>176 243</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Styret gis fullmakt til å gjøre budsjettendringer

## 08/23 – Kostnadsfordeling 2024

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet vedtar følgende kostnadsfordeling for 2024:

Kostnadsfordelingsmodell for 2024:

Oppdragsansvarlig revisor: kr 1 285 kr pr time

Andre: kr 1 080 kr pr time

I tillegg blir reisetid fordelt.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Årsmøtet vedtar følgende kostnadsfordeling for 2024:

Kostnadsfordelingsmodell for 2024:

Oppdragsansvarlig revisor: kr 1 285 kr pr time

Andre: kr 1 080 kr pr time

I tillegg blir reisetid fordelt.

## 09/22 – Styrets godtgjøring

Møteleder fremmet følgende forslag:

Satsene for styregodtgjørelse blir regulert med 5,1 %.

Årsmøtets enstemmige vedtak:

Satsene for styregodtgjørelse blir regulert med 5,1 %.

Kristiansund, 08.06.2023

Sted/dato

*Torgeir Dahl*

Torgeir Dahl (Jun 12, 2023 21:06 GMT+2)

Torgeir Dahl

Møteleder

*Gunn Randi Seime*

Gunn Randi Seime (Jun 12, 2023 22:17 GMT+2)

Gunn Randi Seime

*Kjell Neergaard*

Kjell Neergaard (Jun 13, 2023 21:38 GMT+2)

Kjell Neergaard











# Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023

Final Audit Report

2023-06-13

Created:	2023-06-09
By:	Martin Mortensen (martin.gjendem.mortensen@mrrevisjon.no)
Status:	Signed
Transaction ID:	CBJCHBCAABAAEYiZ2FUUVicWytwth4tyN0VKVNsiaFBCZ

## "Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023" Histor y


-  Document created by Martin Mortensen (martin.gjendem.mortensen@mrrevisjon.no)  
2023-06-09 - 8:17:11 AM GMT
-  Document emailed to torgeir.dahl@molde.kommune.no for signature  
2023-06-09 - 8:26:09 AM GMT
-  Email viewed by torgeir.dahl@molde.kommune.no  
2023-06-12 - 7:02:22 PM GMT
-  Signer torgeir.dahl@molde.kommune.no entered name at signing as Torgeir Dahl  
2023-06-12 - 7:06:03 PM GMT
-  Document e-signed by Torgeir Dahl (torgeir.dahl@molde.kommune.no)  
Signature Date: 2023-06-12 - 7:06:05 PM GMT - Time Source: server
-  Document emailed to gunn.randi.seime@mrfylke.no for signature  
2023-06-12 - 7:06:06 PM GMT
-  Email viewed by gunn.randi.seime@mrfylke.no  
2023-06-12 - 8:15:36 PM GMT
-  Signer gunn.randi.seime@mrfylke.no entered name at signing as Gunn Randi Seime  
2023-06-12 - 8:17:36 PM GMT
-  Document e-signed by Gunn Randi Seime (gunn.randi.seime@mrfylke.no)  
Signature Date: 2023-06-12 - 8:17:38 PM GMT - Time Source: server
-  Document emailed to kjell.neergaard@kristiansund.kommune.no for signature  
2023-06-12 - 8:17:39 PM GMT

 Email viewed by kjell.neergaard@kristiansund.kommune.no

2023-06-13 - 7:37:28 PM GMT

 Signer kjell.neergaard@kristiansund.kommune.no entered name at signing as Kjell Neergaard

2023-06-13 - 7:38:18 PM GMT

 Document e-signed by Kjell Neergaard (kjell.neergaard@kristiansund.kommune.no)

Signature Date: 2023-06-13 - 7:38:20 PM GMT - Time Source: server

 Agreement completed.

2023-06-13 - 7:38:20 PM GMT

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 04/23	Fjord kontrollutval	04.09.2023

### Tilsynsrapport - kommunal beredskapsplikt i Fjord kommune

#### Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### Bakgrunn:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar.

Statsforvaltaren hadde tilsyn hjå Fjord kommune 25. mai 2023 med tema kommunal beredskapsplikt. Rapporten ligg ved meldinga.

#### Vedlegg

Rapport etter tilsyn kommunal beredskapsplikt 2023 - Fjord kommune



Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Fjord kommune

Tilsynsdato: 25.05.2023

Rapportdato : 17.07.2023

## Innhold

<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING .....</b>	<b>3</b>
FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
GJENNOMFØRING .....	5
<b>HOVDINTRYKK .....</b>	<b>6</b>
<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>9</b>
<b>VIDARE OPPFØLGING .....</b>	<b>10</b>

## Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor samanfattar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	16.03.2023 (formøte) 25.05.2023 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Olavsgata 10, 6210 Valldal
<b>Kommunennummer:</b>	1578
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Aud Lindis Ødegaard
<b>Statsforvaltaren sitt tilsynslag:</b>	Atle Morsund Trygve Winter-Hjelm (tilsynsleiar)
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Trygve Winter-Hjelm
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Stine Sætre
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	09.06.2023
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	17.07.2023
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	01.09.2023

### Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå om Fjord kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i §29 i sivilbeskyttelseslova og §10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til statsforvaltarane er det fastsett at statsforvaltaren skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og val av kommune skal vere risikobasert.



**Grunnlagsdokumentasjon**

Kommunen sendte disse dokumenta før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Oversendingsbrev - <i>Varsel om tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Fjord kommune 2023</i>	02.05.2023
2.	Heilskapleg ROS-analyse Fjord kommune	07.05.2020
3.	Overordna beredkapsplan	00.07.2022
4.	Plan for oppfølging avberedkapsarbeidet	18.08.2022
5.	Planstrategi 2020 – 2023 og Planprogram for kommuneplan samfunnsdel	04.02.2021
6.	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 – 2033	Ikkje datert
7.	Norddal kommune - Kommuneplanen sin arealdel	25.06.2009
8.	Samarbeidsavtale om beredskap – Eidsdal-Norrdal Røde kors	18.03.2021
9.	Vedtak om samarbeidsavtale om beredskap – Eidsdal-Norrdal Røde kors	01.09.2022
10.	Evaluering korona-pandemien	14.11.2022
11.	Evaluering Øving Fårikål 2022	Ikkje datert
12.	Kriseplan for barnehagane og skulane	00.12.2021
13.	Presentasjon – Samfunnsikkerheit og beredskap i Fjord kommune	Ikkje datert
14.	Beredkapsplakat	Ikkje datert
15.	Møtereferat beredkapsrådet	19.05.2022
16.	Møtereferat beredkapsrådet	14.12.2020
17.	Retningslinjer for Krisekommunikasjon og befolkningsvarsling - <i>ettersendt</i>	Ikkje datert
18.	Vedtak Norddal kommune – Heilskapleg ROS-analyse - <i>ettersendt</i>	07.02.2019
19.	Beredkapsplan for fjellskred - Samordning av tiltak - <i>ettersendt</i>	Ikkje datert
20.	Beredkapsplan for fjellskred - Flytting av kommunale verksemder - <i>ettersendt</i>	Ikkje datert

**Gjennomføring**

Digitalt formøte med Fjord kommune vart gjennomført 16.03.2023. Tilsynsbesøk med opningsmøte og intervju vart gjennomført 25.05.2023. Sluttmøte vart gjennomført digitalt 05.06.2023. Tabellen nedanfor viser kven som deltok.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Eva Hove	Ordførar	X	X	X	X
Karl Andre Birkhol	Kommunedirektør	X	X	X	X
Aud Lindis Ødegaard	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Daria Klimenko	Planleggar			X	
Trygve Winter-Hjelm	Tilsynsleiar	X	X	X	X
Atle Morsund	Seniorrådgivar	X	X	X	X

## Hovudintrykk

Kommunane Norddal og Stordal vart 1.1.2020 slått saman til Fjord kommune. Kommunesamanslåinga ser ikkje ut til å ha svekka Fjord kommune sitt arbeid samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen viser fleire døme på god beredskap, og oppfyller dei fleste krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Stordal og Nordal utarbeida heilskapleg ROS-analyse gjennom ein felles prosess i 2019. Den nye kommunen starta derfor med ein felles ROS-analyse 1.1.2020. Analysen vart godkjent i det nye kommunestyret 07.05.2020.

Begge dei tidlegare kommunane var representert i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse. Prosessen verkar godt forankra og gjennomført. Det var mange personar frå kommunane involvert. Eksterne aktørar vart involvert gjennom drøftingar og høyring til beredskapsrådet. Kommunen bør vurdere å involvere beredskapsrådet tidlegare og bruke det meir aktivt i kommande arbeid med heilskapleg ROS-analyse. Det bør gå klart fram i sjølve ROS-analysen korleis private og offentlege aktørar er involvert.

Kommunen har skildra godt ulike typar naturrisiko i den heilskaplege ROS-analysen. Vi saknar ei kommuneskildring som også inkluderer andre forhold i kommunen som kan vere relevant for analyse av risiko og sårbarheit.

Kapitel 1.3 i heilskapleg ROS-analyse skildrar metode. Risikomatrissa som er skildra er ikkje brukt i scenarioanalysane. Scenarioa blir heller ikkje samanlikna på noko måte. Dette verkar mangelfullt. Heilskapleg ROS-analyse skal gje svar på kva som er de største risikoane i kommunen. Risikomatrissa skildrar akseptkriterier, og fargane grøn, gul og raud kan vere nyttig hjelpemiddel for å rangere scenarioa og seinare prioritere mellom tiltak. Vi saknar ei samanstilling av scenarioa og eit samla risikobilde for kommunen og forventar at skildra metodikken faktisk vert brukt ved neste revisjon.

Det er analysert 8 scenario. Analysane er gode, presise, korte og relevante. Kommunen skriv at risiko og beredskap knytt til store fjellskred er analysert andre stader og ikkje omtala i heilskapleg ROS-analyse. Vi saknar at store fjellskred, som er ein av største risikoane for kommunen, er inkludert i heilskapleg ROS-analyse. Heilskapleg ROS-analyse skal ligge til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, og vere grunnlag for prioriteringar, ressursbruk, arealbruk og planlegging. Kommunen har gjennom mange år brukt mykje tid og ressursar på viktig og naudsynt arbeid med fjellskredberedskap. Vi har derfor ei klar forventning om at risiko frå store fjellskred vert inkludert i heilskapleg ROS ved neste revisjon.

ROS-analysen vart vedtatt i 2020. Kommunen planlegg å revidere heilskapleg ROS-analyse i løpet av året. Dette er eit godt tidspunkt for revisjon av heilskapleg ROS-analyse. Ein oppdatert analyse vil gje det nye kommunestyre eit godt kunnskapsgrunnlag for planperioden etter valet, og det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

### Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid

Det er eit krav at langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er gjort på bakgrunn av heilskaplege ROS-analyse, og er forankra i styringssystemet i kommunen (t.d. kommuneplanens samfunnsdel, planstrategi, handlingsplanar, økonomiplan, osv.).

Kommuneplanen sin samfunnsdel omtaler samfunnstryggleik under «utfordringsbildet» og har fleire langsiktige mål og strategiar for samfunnstryggleik under dei fire hovudmåla for kommunen fram mot 2033. Kommuneplanen sin samfunnsdel er forankra i kommunestyret. Kommunen oppfyller med dette krava i forskrift om langsiktige mål og strategiar.

Kapitel 8. i ROS-analysen har ein plan for oppfølging. Planen listar opp alle forslag til tiltak frå scenarioanalysane. Det er ikkje gjort noko prioritering. Ingen tiltak har frist for gjennomføring. Vi rår til at oppfølgingsplanen tydelegare gjer prioritering og har frist for gjennomføring for alle tiltak. Kostnader er ikkje nemnt, vi rår til at kostnader blir inkludert der det er relevant. Kommunen bør også vurdere å inkludere plan for oppfølging i kommunen sine styringssystem og økonomiplanar. Dei fleste tiltaka er markert med grønt, under intervju blir det forklart at dette tyder at tiltak er gjennomført. Det er bra at mange tiltak er følgt opp!

Fjord kommune har beredskapsråd. Samansettinga er skildra i overordna beredskapsplan kap.5. Beredskapsrådet har årleg samling. Kommunen bør vurdere å utvide beredskapsrådet.

### **Beredskapsplan**

Fjord kommune har ein *Overordna beredskapsplan* som oppfyller dei fleste krava i *Forskrift om kommunal beredskapsplikt*. Beredskapsplanen manglar ei tydeleg oversikt over kven som utgjør kommunen si kriseleing.

Kommunen har også ein *Plan for oppfølging av beredskapsarbeidet*. Denne planen overlappar på nokre område med overordna beredskapsplan, til dømes for befolkningsvarsling og øvingar. At beredskapen er skildra i to ulike dokument som delvis overlappar styrkar ikkje beredskapsplanverket. Vi rår til å reindyrke dei to dokumenta ved neste revisjon.

Kommunen har gjennom fleire år arbeid godt med beredskap mot store fjellskred. Både gjennom Åknes Tafjord Beredskap IKS og andre prosjekt har kommunen omfattande samarbeid med nabokommunar om fjellskredberedskap. Kommunen har eige planverk for fjellskredberedskap som er samordna med nabokommunar og andre regionale beredskapsaktørar.

Behov for befolkningsvarsling og evakuering er vurdert for kvart scenario i ROS-analysen. Dette er lagt til grunn for plan for innbyggjarvarsling og EPS i overordna beredskapsplan. Vi saknar ei tydelegare kopling mellom vurderingane i heilskapleg ROS og beredskapsplan. Vi kan til dømes ikkje sjå at planen om å ringe med kyrkjeklokker er knytt til vurderingane i ROS-analysen.

Plan for krisekommunikasjon skildrar praktisk og konkret korleis kommunikasjonsarbeidet er organisert og skal utførast.

### **Oppdatering og revisjon**

Overordna beredskapsplan er revidert juli 2022. Det går fram av planane at det er kommunedirektøren som har ansvar for revisjon.

Det står ikkje nøyaktig dato på dokumentet *Heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse Fjord kommune*, men i oversendingsbrevet står det at analysen er godkjent i kommunestyret 28.05.2020. Vi tilrår at godkjent dato òg vert stadfesta i ROS-analysen.

Krava til oppdatering og revisjon for heilskapleg ROS-analyse og beredskapsplan er oppfylt.

### **Opplæring, øving og evaluering etter øvingar og uønskete hendingar**

Kommunen har skildra system for opplæring i overordna beredskapsplan. Opplæring i CIM er skildra i overordna beredskapsplan kap. 2.6 medan opplæring for psykososialt kriseteam er skildra i kap. 7.2. *Plan for oppfølging av beredskapsarbeidet* skildrar også opplæring i kap. 8. Det hadde vore enklare å få oversikt om opplæring var skildra eintydig ein plass. Vi rår til at system for opplæring blir samla og

styrka, slik at ein sikrar lik og naudsynt opplæring til nyttilsette og alle med ansvar og oppgåver i kriseleiing, beredskapssekretariat og psykososialt kriseteam.

Overordna beredskapsplan skal øvast minimum kvart andre år. Fjord kommune deltok på Statsforvaltaren si øving Fårikål i 2022, og oppfyller derfor minstekravet til øving. Kommunen gjennomførte ei vellukka og lærerik øving i mai 2023, der kriseleiinga, sekretariat og EPS senter øvde på ulykke i tunell.

Etter øvingar og uønskete hendingar skal kommunen evaluerer eigen krisehandtering. Fårikåløvinga 2022 er evaluert. Kommunen har også evaluert pandemien og uveret Gyda. Kommunen verkar å ha gode rutinar for å evaluere øvingar og hendingar.

## Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik og ein merknad.

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14. og 15. og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Statsforvaltaren meiner bør følgjast opp for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

### **Avvik nr. 1:**

Fjord kommune sin beredskapsplan skildrar ikkje eintydig kven som utgjer kommunen si kriseleiing.

Kommunen oppfyller derfor ikkje krava i Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 a.

#### **Utdjupande kommentar:**

Overordna beredskapsplan skal skildre kriseleiinga sitt ansvar, roller og fullmakter. Det skal komme klart fram av overordna beredskapsplan kven som sitt i kommunen si kriseleiing. Overordna beredskapsplan skildrar kriseleiinga som «beredskapsrådet sitt arbeidsutval». Det går ikkje fram av dokumentasjonen kven eller kva roller som utgjer arbeidsutvalet i beredskapsrådet. Kommunen må inkludere ei tydeleg oversikt over kven eller kva roller som utgjer kriseleiinga i sin overordna beredskapsplan.

### **Merknad nr.1 .**

#### **Plan for oppfølging**

Kapitel 8. i ROS-analysen har ein plan for oppfølging. Planen listar opp alle forslag til tiltak frå scenarioanalysane. Det er ikkje gjort noko prioritering. Ingen tiltak har frist for gjennomføring. Om ein oppfølgingsplan skal bidra til at kommunen følgjer sine strategiar og når sine langsiktige mål bør det vere frist for gjennomføring. Kostnader er heller ikkje nemnt, vi rår til at kostnader blir inkludert der det er relevant for å styrkje forankring og implementering i økonomiplanar.

#### **Kommunen bør:**

- Gjere tydelegare prioritering av tiltak som skal følgjast opp
- Inkludere tidsfrist i plan for oppfølging
- Vurdere å inkludere kostnader der det er relevant

## Vidare oppfølging

Statsforvaltaren ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til Statsforvaltaren seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Statsforvaltaren vurderer om tilsynssaka kan avsluttast med utgangspunkt i kommunen sin plan. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter at Statsforvaltaren har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Kommunen kan kontakte fylkesberedskapssjef Stine Sætre eller tilsynsleiar Trygve Winter-Hjelm dersom de har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga;

Stine Sætre, [stine.sætre@statsforvalteren.no](mailto:stine.sætre@statsforvalteren.no), 71258485 / 95224419

Trygve Winter-Hjelm, [trygve.winter-hjelm@statsforvalteren.no](mailto:trygve.winter-hjelm@statsforvalteren.no), 71258598 / 99006192

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 12/23	Fjord kontrollutval	04.09.2023

## Revisjon- og kommunikasjonsplan 2023 Fjord kommune

### Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2023 til vitande.

### Bakgrunn:

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktivitetar knytte til oppfølging av revisjonen og revisjonsarbeidet. Dette kan omfatte:

- revisor si uavhengigerklæring
- kvalitetskontrollar hjå revisor
- avtalar mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonen, og risikovurderingar
- revisjonsrapportar (interim og etterlevelseskontroll)
- nummererte brev

### Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år.



Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Revisor har gått gjennom utkast til kommunikasjons- og revisjonsplan 2023 i møte med sekretariatet onsdag 23. august 2023. Sekretariatet vurderer at revisjonsplanen gir kontrollutvalet oversikt over kva revisjonen som vert utført og kva dette inneber. Dette gir då eit betre grunnlag for kontrollutvalet til å stille spørsmål, og for å vurdere om kontrollutvalet ser behov for å utføre ytterlegere kontrollhandlingar.

Oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug frå Møre og Romsdal Revisjon SA vil i møte 4. september 2023 presentere planen og forklare utvalde risikoområder.

Saka blir og lagt fram som melding til det nye kontrollutvalet som blir valt hausten 2023. Slik vil dei få eit innblikk i revisor sine vurderingar. Revisjonsplanen vil være grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

## **Vedlegg**

03.0 Overordnet revisjonsstrategi - revisjons og kommunikasjonsplan 2023 - Fjord kommune



# REVISJONSPLAN 2023

---

FJORD KOMMUNE

Revisjon 2023

SEPTEMBER 2023

Møre og Romsdal Revisjon SA er et samvirkeforetak eid av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Ytterlegare informasjon kan finnast på vår heimeside:

[www.mrrevisjon.no](http://www.mrrevisjon.no)

## INNHOOLD

1.	INNLEIING.....	4
1.1.	REVISJONSPLAN – TIDS OG KOMMUNIKASJONSPLAN .....	4
1.2.	REVISJONSTEAM 2023 .....	6
1.3.	IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG frå 2022 – fjord KOMMUNE.....	7
1.4.	SKRIFTELIGE PÅPEKNINGaR FRA REVISOR – KOML. §24-7 .....	8
1.5.	FORELØPIG ANSLÅTT RISIKO – (FØR KONTROLLTESTING).....	8
1.6.	FASTSETTELSE AV VESENTLIGHETSGRENSE .....	10
2.	REVISJONSTILNÆRMING - REVISJON 2023 .....	11
2.1.	REGNSKAPSRAPPORTERING .....	11
2.2.	OVERFØRINGER .....	12
2.3.	LØNSKOSTNADER .....	13
2.4.	INNKJØP.....	14
2.5.	DRIFTSMIDLAR.....	15
2.6.	FINANSOMRÅDET .....	16
2.7.	SAL.....	17

## 1. INNLEIING

Formålet med rekneskapsrevisjon i kommunar er å gjere revisor i stand til å gi en uttale om kor vidt kommunens årsrekneskapan i det alt vesentlege er avlagt i samsvar med lov forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Vår revisjon av årsrekneskapan skal bidra til økt tillit til den økonomiske informasjon som gis frå administrasjonen til kommunestyret og andre brukarar av årsrekneskapan. Revisjonen skal også medverke til å forebygge og avdekke misleg framferd og feil.

Rekneskapsrevisjon i kommunal sektor er nærare regulert i kommunelovas kapittel 24. Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og anna kontroll som er bestemt i lov eller i medhald av lov – medrekna forenkla etterlevingskontroll.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Videre skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultat av sin revisjon til kontrollutvalet.

I samsvar med kommunelova og gjeldande revisjonsstandardar vil revisor gje revisjonsberetning til årsrekneskapan til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet.

### 1.1. REVISJONSPLAN – TIDS OG KOMMUNIKASJONSPLAN

Rekneskapsrevisjon kan inndelast i tre fasar:

- Planleggingsfasen
- Gjennomføringsfasen
- Avslutningsfasen

#### **Planleggingsfasen:**

- Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
- Fastsette grense for vesentlege feil
- Gjennomgang av – og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
- Fastsette revisjonsplan for fokusområda
- Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutval

Etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga:

- Vurdering av risiko- og vesentleg leggast fram for kontrollutvalet i november

## **Gjennomføringsfasen:**

### **Interimsrevisjon**

- Foreløpig analyse av kommunens rekneskap
- Møte med kommunen si økonomiavdeling for å kartlegge, samt løyse identifiserte problemstillinger knytt til økonomisk intern kontroll
- Revisjon av nøkkelprossessar inkludert møter og intervju av prosesseigarane for identifiserte fokusområde
- Test av relevante kontroller (her under generelle IT-kontroller)
- Gjennomføre andre relevante revisjonshandlingar (fokus på transaksjonsklasser)
- Møte med administrasjonen og kontrollutval, oppsummering av interimsrevisjon – møte 1. kvartal 2024

### **Årsoppgjersrevisjon**

- Ferdigstille eventuelle opne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
- Sjå etter at det ikkje føreligg endringar i kommunens intern kontroll, der kor desse er relevante for revisjonen
- Gjennomføre andre relevante revisjonshandlingar, her under vurdering av avstemming av vesentlege og risikoutsette balanseposter
- Vurdere om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrift
- Avsluttande analyse av kommunens finansielle rapportering

### **Revisjon av årsrekneskapen**

- Gjennomgang av rekneskap og noter for å sjå at desse er avlagt i samsvar med lov og forskrift
- Gjennomgang av årsmelding for å sjå at denne inneheld dei opplysningar som lov og forskrift krev og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga er i tråd med årsrekneskapen

### **Avslutningsfasen:**

- Konklusjon på resultat av utført arbeid
- Rapportering til leiinga og gjennomgang med sekretariatet
- Rapportering til kontrollutval

## Kommunikasjon

PBC-lister (årsoppgjer) / oversikt avtaler (interim)

Revisjonsberetning og revisjonsrapportar

Møter med kontrollutval

Løypande uformell kommunikasjon ved behov

	aug 23	sep 23	okt 23	nov 23	des 23	jan 24	feb 24	mar 24	apr 24	mai 24	jun 24	jul 24	aug 24
Planlegging													
Interimrevisjon													
Årsoppgjersrevisjon													
Revisjon av årsrekneskapen													
Kommunikasjon													
Møte med kontrollutval		4.		13.			?	?			?		

## Andre uttale og rapportar

I tillegg til regnskapsrevisjon føretek vi en rekke andre uttale og rapportar. Dette kan blant annet være stadfestingar knytt til bruken av statlege øyremerka midlar. Til dømes kan nemnast

- Kompensasjonskrav etter lov om kompensasjon av meirverdiavgift
- Uttale til spelemiddelrekneskap
- Uttale til kommunens rapportering på tal på personar med psykisk utviklingshemming
- Uttale om ressurskrevjande tenester
- Løns- og pensjonskostnadar
- Andre øyremerka tilskot

## 1.2. REVISJONSTEAM 2023

Ronny Rishaug	Oppdragsansvarleg og statsautorisert revisor
Anne Grete S. Sjørgård	Team-manager og statsautorisert revisor
Kathrin Haram	Regnskapsrevisor og statsautorisert revisor
Randi Kalvatsvik	Regnskapsrevisor

### 1.3. IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG FRÅ 2022 – FJORD KOMMUNE

#### Rekneskapsrapportering

- Rutine som sikrar kommunen å få avlagt årsrekneskapan innan lovens fristar, jf. nummerert brev nr. 1/2022.
- Innarbeide rutinar som sikrar at budsjettet vert oppdatert etter kommunestyrevedtak
- Note om garanti mangla opplysningar om garanti for ÅRIM AS

#### Løn

- Forbetringspotensiale rundt innføring av leiingskontroll av lønslister.

#### Innkjøp

- Rutinane må verte betre slik at det alltid ligg ved nødvendig dokumentasjon på posteringane

#### Driftsmiddel

- Revisjonen har kommunisert behov for at dokumentasjonen angir grunngjeving for val av føring i investering kontra drift, spesielt der det kan være usikkerheit. Reasfaltering er eksempel på utgifter som kan vere drift.

#### Finans

- Kapitalkonto – Avvik om lag 8,4 MNOK. Denne må avklarast og rettast i 2023. Jf. nummerert brev nr. 1/2022.
- Reine konti – t.d. Interimskonto bank – denne inneheldt og andre periodiseringar
- Bankavstemmingar i Visma– Kommunen bør vurdere å utvide denne til alle bankkonti samt interimskonto bank
- Tilskot/ bunde fond – Tilrår ei samla oversikt med tilskotsdato, formål og rapporteringsfrist.

#### Sal

- Totalavstemming av bokført sal mot innberetning i avgiftsoppgåvene bør innførast.



## 1.4. SKRIFTELIGE PÅPEIKNINGAR FRA REVISOR – KOMPL. §24-7

### Revisorbrev nr. 1 – 26. mai 2023

Årsregnskap 2022 - utan konsekvens for revisjonsberetning:

- For seint avlagt årsrekneskap
- Kapitalkonto – Avvik på kr 8 361 958 pr. 31.12.2022.

Status:

Revisorbrev blir følgt opp løypande for å vurdere etterleving av regelverk og retningslinjer. Dei to punkt som er teke opp i nummerert brev vil revisjonen følgje opp under revisjonen av årsrekneskapen for 2023.

## 1.5. FORELØPIG ANSLÅTT RISIKO – (FØR KONTROLLTESTING)

Revisor utfører risikoanalyse av kommunen for å kartlegge eventuelle områder kor det kan føreligge risiko som medfører vesentlege feil i rekneskapen.

Risikoanalyse:

- Kva kan gå galt
- Kor sannsynleg er det at noko går galt og
- Kva er konsekvensane om det skulle gå galt

Gjennom risikoanalysen vurderast risiko på ulike områder, og resultatet av analysane avgjer omfanget av – og val av aktuelle revisjonshandlingar.

*Rekneskapsrapportering – middels anslått risiko:*

Kommunestyret har et ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarleg over tid. Det er dermed fastsett finansielle måltal som skal sikre at kommunen skal ha økonomisk handleevne over tid.

Kommunens langsiktige finansielle måltal for 2022:

- Netto driftsresultat skal over tid vere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter – i 2022 utgjorde dette -4,0%, korrigert for bundne fond -1,79%.
- Disposisjonsfondet skal minimum vere 10% av brutto driftsinntekter, i 2022 var dette 0%. Då kommunen ikkje har disposisjonsfond, men et udekt underskot på kr 10 767 840. (-2,84%)
- Netto lånegjeld skal ikkje overstige 85% av brutto driftsinntekter. (Netto lånegjeld er lån eks. utlån og ubrukte lånemidlar). For 2022 utgjorde dette 100,6%

Kommunen må jobbe godt for å nå desse måla. Kommunen må dekke meirforbruket frå 2021 i løpet 2023 for å unngå Robek.

Det vil alltid være risiko for feil i forbindelse med utarbeiding av rekneskapen, fleire manuelle posteringar og lite rutinemessig arbeid.

*Overføringsområdet – låg anslått risiko:*

Overføringsinntekter består hovudsakeleg av overføringar frå staten som kan totalavstemmast mot ekstern dokumentasjon. Eigedomsskatt kontrollerast analytisk mot årets forventning, tidlegare års rekneskap og årets budsjett. Andre overføringar kontrollerast mot dokumentasjon frå tilskotsyter og/eller mot budsjett.

Overføringsutgifter kontrollerast i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med samanlikning mot budsjett og tidlegare år.

*Lønnsområdet – middels anslått risiko:*

Rutinemessige månadlege beløp for fast lønn. Noko meir komplekst (forsystem, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høgt volum/størrelse og manglande leiingskontroll av lønnslistar, trekker risikoen opp.

*Innkjøpsområdet – middels anslått risiko:*

Stor grad av rutinemessige løypande transaksjonar. Tvungen attestasjons- og tilvisingsrutine for inngåande faktura. Fakturaene behandlast på mange ulike einingar med varierende forståing av kontrollrutinen. Periodiseringsproblematikk trekk risikoen noko opp.

*Driftsmiddelområdet – middels anslått risiko:*



Stor grad av rutinemessige løypande transaksjonar. Tvungen attestasjons- og tilvisingsrutine for inngåande faktura. Komplisert regelverk og skjønsmessige vurderingar knytt til skilje mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlane, aukar risiko for vesentlege feil.

*Finansområdet – middels anslått risiko:*

Finansområdet er et komplekst område samansett av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering. Finansområdet består av likvide midlar, lån og minimumsavdrag, fond/eigenkapital, aksjar og finansielle plasseringar. Vesentlege beløp, skjønsmessige vurderingar samt ulike vurderingskriterier trekker risikoen noko opp.

### Salsområdet – middels anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løypande transaksjonar. Risiko ligger likevel i anslagsposterings/periodiseringar og høgt transaksjonsvolum.

Prosesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon
Rekneskapsrapportering	 Middels
Overføringsområdet	 Låg
Lønsområdet	 Middels
Innkjøpsområdet	 Middels
Driftsmiddelområdet	 Middels
Finansområdet	 Middels
Salsområdet	 Middels

## 1.6. FASTSETTELSE AV VESENTLIGHETSGRENSE

Regnskapsrevisjon har som utgangspunkt å forhindre at rekneskapen inneheld vesentlege feil. Revisjonen må dermed gjere seg opp en mening om kva som er ein vesentleg feil.

Vesentlighetsgrensa nyttast som eit kriterium for revisjonsplanlegging, testing og rapportering.

Vesentlighetsgrensa fastsettast med utgangspunkt i eit eller fleire referanseverdiar i rekneskapen som antakast å ha betydning for brukarane av rekneskapen. Profesjonelt skjønn blir også vurdert i denne forbindelsen.

Vesentlighetsgrensa for 2023 blir utrekna på grunnlag av avlagt rekneskap 2022 og budsjett 2023.

## 2. REVISJONSTILNÆRMING - REVISJON 2023

### 2.1. REGNSKAPSRAPPORTERING

Regnskapsrapportering	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar
<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)</li><li>• Tertialrapportering og offisielt rekneskap</li><li>• Årsoppgjers-disponeringar/avslutning og strykingar</li><li>• Bruk av fond</li><li>• Budsjettjustering og budsjettavvik</li><li>• Generelle IT-kontroller</li></ul>	<p><b><u>Test av kontroller (interim):</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Test av leiingskontrollar/ budsjettoppfølgning: Tertialrapportering til kommunestyret</li></ul> <p><b><u>Substanshandlingar:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tilgangskontrollar</li><li>• Budsjettkontroll</li><li>• Kontroll av årsoppgjersdisponeringar</li><li>• Regnskapsoversikter er korrekt utarbeidd</li><li>• Avstemming av kretsløp er føretatt (Eigenkapital, arbeidskapital og anleggsmidlar/langsiktig gjeld)</li><li>• Nødvendige noteopplysningar er utarbeidd</li><li>• Avsluttande analytiske kontroll</li><li>• Kontroll av årsmelding – inkl. vurdering av budsjettavvik og premissavvik</li></ul>

## 2.2. OVERFØRINGER

<b>Overføringsområdet</b>	<b>Angrepsvinkel: substanshandlingar</b>
<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <p><b><u>Overføringsinntekter:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Rammetilskot (drift)</li><li>• Inntekts- og formuesskatt (drift)</li><li>• Eigedomsskatt (drift)</li><li>• Andre skatteinntekter (drift)</li><li>• Andre overføringar og tilskot frå staten (drift)</li><li>• Overføring og tilskot frå andre (drift)</li></ul> <p><b><u>Overføringsutgifter:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Overføring og tilskot til andre (drift)</li></ul>	<p><b><u>Substanshandlingar (interim):</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontroll om tilsegn ligger ved</li><li>• Kontroll at vedtak ligger ved</li><li>• Vurdering av rutinar rundt mottatte tilskot som krev sær-attestasjonar.</li></ul> <p><b><u>Substanshandlingar:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Totalavstemming av rammetilskot og inntekts- og formuesskatt</li><li>• Analytisk kontroll av eigedomsskatt</li><li>• Substanskontrollar av andre overføringsinntekter</li><li>• Analyser/detaljtestar av overføringsutgifter</li><li>• Sær-attestasjonar på enkelte tilskot</li></ul>

## 2.3. LØNSKOSTNADER

<b>Lønsområdet</b>	<b>Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar</b>
<b>Risiko knytt til:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Lønskostnader</li><li>• Sosiale kostnader</li><li>• Pensjon</li></ul>	<b><u>Test av kontroller/Substanshandlingar (interim):</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Attestasjon og tilvising av timer</li><li>• Attestasjon og tilvising av reiserekningar – her under manuelle reiserekningar/utgiftsrefusjonar</li><li>• Test gjennomføring avstemmingar, oppfølging avvik sjukelønsrefusjon og andre refusjonar NAV</li><li>• Kontrollere at de har rutinar rundt kontroll av pensjonsknytning nytilsette/køyring av kontrollrapport</li><li>• Kontroll rutinar nytilsette og personale som slutte/endrar stilling</li><li>• Kontrollere at de har rutinar for leiingskontrollerte lønningslister</li></ul> <b><u>Substanshandlingar:</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Analytiske kontroller</li><li>• Gjennomgang av kontrolloppstilling (RF 1022) og dei andre innberetningar og avstemmingar på lønsområdet – her under feriepengar, skattetrekk, arbeidsgivaravgift og sjukepengerefusjonar</li><li>• Gjennomgang av pensjonskostnad med tilhøyrande balanseposter</li><li>• Krav på sjukelønsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem inkl. vurdering av realisme av krav</li></ul>

## 2.4. INNKJØP

Innkjøps-/ kostnadsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar
<b>Risiko knytt til:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kjøp av varer og tenester (drift)</li><li>• Momskompensasjon</li><li>• Leverandørgjeld (bal)</li><li>• Anna kortsiktig gjeld (bal)</li></ul>	<b><u>Test av kontrollar (interim):</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontroll av attestasjon og tilvising</li></ul> <b><u>Substanshandlingar:</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Analytiske kontroller</li><li>• Kontrollar av bilag i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgåvene.</li><li>• Periodisering (her under etterberegning av anslagsposter)</li><li>• Avstemme leverandørgjeld mot reskontro, betalingskontroll av vesentlege gjeldspostar</li><li>• Kontrollere dokumentasjon for avsetning av anna kortsiktig gjeld</li></ul>

## 2.5. DRIFTSMIDLAR

Driftsmidler/investeringar	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar
<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Investeringar i varige driftsmidler (inv)</li><li>• Tilskot til andre sine investeringar (inv)</li><li>• Sal av varige driftsmidler (inv)</li><li>• Tilskot frå andre (inv)</li><li>• Avskrivningar/motpost avskrivningar (drift)</li><li>• Bruk av lån/lovleg finansiering (inv)</li><li>• Skille mellom drift og investering</li></ul>	<p><b><u>Test av kontroller (interim):</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontroll av attestasjon og tilvising</li></ul> <p><b><u>Substanshandlingar:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Oppfølging av dei største investeringsprosjekta</li><li>• Kontroll rutinar rundt oversikt bygg, bruk av bygg og eventuelt endring i bruk</li><li>• Avstemme anleggskartotek mot hovudbok</li><li>• Vurdering av levetid/avskrivningstid inkl. dekomponering</li><li>• Vurdere vesentlege tilgangar opp mot KRS 4 (skilje drift/investering - interim)</li><li>• Kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon på mva-kompensasjonsoppgåvene</li></ul>



## 2.6. FINANSOMRÅDET

Finansområdet (res)	Finansområdet (bal)	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
<p><b>Risiko</b></p> <p><b>transaksjonsklasser:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Renteinntekter og renteutgifter (drift)</li> <li>• Avdrag på lån (drift)</li> <li>• Utbytter (drift)</li> <li>• Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar (drift)</li> <li>• Investering i aksjar og partar (inv)</li> <li>• Sal av finansielle anleggsmidlar (inv)</li> <li>• Utlån av egne midlar (inv)</li> <li>• Avdrag på lån (inv)</li> <li>• Utdeling frå selskap (inv)</li> </ul>	<p><b>Risiko balanseposter:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bankinnskot og kontantar</li> <li>• Aksjar og partar</li> <li>• Andre finansielle plasseringar</li> <li>• Fond</li> <li>• Kapitalkonto</li> <li>• Gjeld til kredittinstitusjonar</li> <li>• Anna gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)</li> <li>• Utlån</li> <li>• Ubrukte lånemidlar</li> </ul>	<p><b><u>Test av kontroller (interim):</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bankavstemming</li> <li>• Dobbel godkjenning av betalingstransaksjonar</li> <li>• Finansrapportering</li> </ul> <p><b><u>Substanshandlinger:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontroller at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne stadfesting (Innskot, rente, lån, utlån, aksjar, utbytte etc.) Vurdere verdsetting, klassifisering og avkastning.</li> <li>• Kontrollere vesentlege tilgang/avgang av aksjar</li> <li>• Oppfølging avvik kapitalkonto</li> <li>• Etterberekning av minimumsavdrag</li> <li>• Kontroller at avstemmingar av kretsløp heng saman (her under kapitalkonto)</li> <li>• Kontrollere vesentlege bevegelser på fondskonti</li> <li>• Etterleving av finansreglementet</li> </ul>

## 2.7. SAL

Salsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar
<b>Risiko knytt til:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sals- og leigeinntekter (drift)</li><li>• Sjølvkostområde</li><li>• Kundefordringar (bal)</li><li>• Andre kortsiktige fordringar (bal)</li><li>• Ordinær meirverdiavgift</li></ul>	<b><u>Test av kontrollar (interim):</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontroller ved utfakturering: kontroller samsvar mellom grunnlag/forsystem og endeleg utfakturering (husleige, brukarbetalingar etc.)</li></ul> <b><u>Substanshandlingar:</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Analytisk kontroll og/eller detaljtestar</li><li>• Sjølvkost</li><li>• Bruk av reine konti</li><li>• Periodisering</li><li>• Aldersfordelt reskontro kundefordringar/andre kortsiktige fordringar (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne stadfestingar)</li><li>• Totalavstemming av ordinær meirverdiavgift</li></ul>

## Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovudkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eigarar:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,  
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,  
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 13/23	Fjord kontrollutval	04.09.2023

### Revisoruttale frå forenkla etterlevingskontroll 2022

#### Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval tek revisor sin uttale til vitande.

#### Bakgrunn:

Formålet med forenkla etterlevingskontroll er, innanfor ei avgrensa ressursramme, å førebygga svakheiter og sikra at økonomiforvaltninga til kommunen følgjer avgjerder og vedtak på økonomiområdet.

Det bygger opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis. Målsetjinga med kontrollen er å etablera enkle og jamlege kontrollhandlingar som kan fanga opp vesentlege svakheiter i sentrale delar av økonomiforvaltninga.

Kontrollhandlingane kan mellom anna gjerast på område der brot har særlege økonomiske konsekvensar, eller i særleg grad svekker tilliten til økonomiforvaltninga. Kontrollhandlingane skal ein grunngjeve i risiko- og vesentleg vurderinga.

#### Vurdering:

Det synast til vedlagte uttale og rapport frå oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug. Denne vil bli kommentert på kontrollutvalet sitt møte måndag 4. september 2023.

#### Vedlegg

Uttale frå revisor om forenkla etterlevingskontroll økonomiforvaltninga 2022 - Fjord kommune

Revisor sin presentasjon om etterlevingskontroll 2022 - Fjord kommune

Fullstendighetserklæring kommunedirektør - etterlevingskontroll - Fjord kommune

Til Kontrollutvalget i Fjord kommune

Kopi: Kommunedirektøren i Fjord kommune

**Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen for 2022.**

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Fjord kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder: Kontraktsoppfølging – Garderobe/symjehall Stordal skule hvor vi gjennomfører kontrollerer knytt til;

1. Har kommunen gjennomført konkurranse i tråd med lov om offentlige anskaffelser for hovedentreprenør/totalentreprenør
2. Har kommunen implementert rutinar for oppfølging av kontraktskostnadene
3. Har kommunen implementert rutinar for oppfølging av endringsarbeider

**Periode:**

Vi har bedt om dokumenter for investeringsprosjekt Garderobe/Symjehall Stordal skule og kommunens rutiner for heile perioden.

**Kriterier er hentet fra:**

1. Aktuelle lover, forskrifter og kommunens egne reglement og vedtak
2. Kontraktar

**Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen**

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

**Vår uavhengighet og kvalitetskontroll**

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for Møre og Romsdal Revisjon SA, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetsstyring (ISQM 1) *Kvalitetsstyring for revisjonsforetak som utfører revisjon eller forenklet revisorkontroll av regnskaper, eller andre attestasjonsoppdrag eller beslektede tjenester* har Møre og Romsdal Revisjon SA et omfattende kvalitetsstyringssystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

### **Våre oppgaver og plikter**

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

### **Konklusjon**

Basert på utførte kontrollhandlinger og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Fjord kommune i det alt vesentlige ikke har etterlevd kommunen egne reglement, kommunestyrets vedtak eller lov om offentlige anskaffelser.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for formålet som er beskrevet ovenfor og til kontrollutvalget i Fjord kommunes informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål.

Molde, 30. juni 2023

**Møre og Romsdal revisjon SA**



Ronny Rishaug  
oppdragsansvarlig revisor



# FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA 2022 - KONTRAKTSOPPFØLGJING

KONTROLLUTVAL FJORD KOMMUNE



# Forenkla etterlevingskontroll 2022

- ▶ Etter vår risikovurdering som ble presentert i kontrollutvalet 15. november 2022 valte vi ut «Kontraktoppfølging – Garderobe/symjehall Stordal skule» som tema for etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga for 2022.
  
- ▶ Kilde for kriterium:
  1. Aktuelle lover, forskrifter og kommunens egne reglement og vedtak
  2. Kontraktar



# Revisjonskriterium

## **Følgjande kriterium vart valde for kontrollen:**

Kontrollen gjennomført ved forespørsler til kommunen og gjennomgang av dokumentasjonen:

1. Har kommunen gjennomført konkurranse i tråd med lov om offentlige anskaffelser for hovedentreprenør/totalentreprenør
2. Har kommunen implementert rutinar for oppfølging av kontraktskostnadene
3. Har kommunen implementert rutinar for oppfølging av endringsarbeider

# Oppsummering av funn

- ▶ Våre funn i kontrollen kan oppsummeres slik
  1. Fjord kommune har gjennomført konkurranse i tråd med lov om offentlige anskaffelser for hovedentreprenør
  2. Fjord kommune har implementert rutine for oppfølging av kontraktsarbeider
  3. Fjord kommune har implementert rutiner for oppfølging av endringsarbeider.

# Konklusjon

Basert på utførte kontrollhandlingar og innhenta bevis har vi ikkje blitt oppmerksame på noko som gir oss grunn til å tro at Fjord kommune i det alt vesentlege ikkje har etterlevd konkurransekrava i «Lov om offentlege innkjøp». Kommunen har implementert rutinar for å følgje opp kontraktsarbeide og endringsarbeider.

Vi anbefaler kommunen å leggje dei implementerte rutinane inn i kvalitetsstyringsverktøyet sitt.

# Rapportering

- ▶ Revisjonens funn og konklusjonar er rapportert til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren, datert 30. juni 2023
- ▶ Vi fekk signert uttale frå kommunedirektøren datert 30. juni 2023

“ Vi vil bidra til økt tillit mellom innbyggerne og våre eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til <b>Møre og Romsdal Revisjon SA</b> v/oppdragsansvarlig revisor Ronny Rishaug	Kopi til <b>Kontrollutval Fjord kommune</b>
---	--

## Uttale fra ledelsen vedrørende forenklet etterlevelseskontroll 2022 – Kontraktsoppfølging

### Ledelsens ansvar

- Vi er kjent med, og har oppfylt vårt ansvar for å utforme og iverksette en hensiktsmessig intern kontroll for å sikre etterlevelse av lov, forskrift og egne reglementer.
- Vi bekrefter at vi har gitt revisor all informasjon som er relevant og vesentlig for forenklet etterlevelseskontroll av kontraktsoppfølging
- Vi kjenner ikke til at det er manglende etterlevelse av lov, forskrift eller egne reglementer i fjord kommune.

Kommentarer/tilleggsopplysninger:

OK. vi har svart på dette i samsvar med gjeldende rutiner i FJord kommune

Valldal, juni 2023

Arne Krohn

Arne Krohn (30. jun. 2023 13:12 GMT+2)

Arne Krohn

*kst. kommunedirektør*

# 06.0 Fullstendighetserklæring - etterlevelseskontroll

Endelig revisjonsrapport

2023-06-30

Opprettet:	2023-06-30
Av:	Ronny Rishaug (ronny.rishaug@mrrevisjon.no)
Status:	Signert
Transaksjons-ID:	CBJCHBCAABAANT_LXTdoqmzuzTxWhR183N446b8T5f89

## "06.0 Fullstendighetserklæring - etterlevelseskontroll"-historikk

-  Dokument opprettet av Ronny Rishaug (ronny.rishaug@mrrevisjon.no)  
2023-06-30 - 10:42:06 GMT - IP-adresse: 109.247.109.81
-  Dokument sendt via e-post til arne.krohn@fjord.kommune.no for signering  
2023-06-30 - 10:43:14 GMT
-  E-postmelding vist av arne.krohn@fjord.kommune.no  
2023-06-30 - 11:05:01 GMT - IP-adresse: 104.47.1.254
-  Underskriver arne.krohn@fjord.kommune.no oppga navn ved signering som Arne Krohn  
2023-06-30 - 11:11:58 GMT - IP-adresse: 84.38.8.254
-  Dokument e-signert av Arne Krohn (arne.krohn@fjord.kommune.no)  
Signaturdato: 2023-06-30 - 11:12:00 GMT - Tidskilde: server- IP-adresse: 84.38.8.254
-  Avtale fullført.  
2023-06-30 - 11:12:00 GMT

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 14/23	Fjord kontrollutval	04.09.2023

### Budsjetttilråding 2024 frå Fjord kontrollutval

#### Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme 2024 for kontrollarbeidet på kr 1 439 000  
Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 118 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 401 000
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 920 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

#### Bakgrunn:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår då utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjonen.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett skal følgje innstilling om årsbudsjett, som går frå formannskap til kommunestyre og det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått (kommunelova § 14-3 tredje ledd).

Fjord kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS). I tråd med selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtek budsjettet for dette selskapet og det vert her tatt med kun som informasjon.

Fjord kommune har valt Møre og Romsdal Revisjon SA som si revisorordning. Revisjonen som vert utført består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll



og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler, og omfattar revisjon av kommunerekneskapen og konsolidert kommunerekneskap. Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå brukt tid og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisjonsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjonen vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet med utgangspunkt i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for perioden. Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av Plan for revisjon mv.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon. I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

### **Vurdering:**

#### Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteken eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA på dei tenestene som dei leverer. Dette byggjer på erfaringstal frå 2021, 2022 og delar av 2023, samt tek utgangspunkt i deira vedtekne satsar.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påverka av kor godt kvalitetsikra årsrekneskapen er frå kommunen si side, når den vert levert i februar.

Det har vore gjennomført ein forvaltningsrevisjon og ein eigarskapskontroll i Fjord kommune, ut frå kommunestyret sin vedtekne plan. I 2024 skal ny plan for forvaltningsrevisjon bli vedteken av kommunestyret og ein håpar på at ein kan kome i gang med ein forvaltningsrevisjonsrapport.

Med bakgrunn i dette vil ein foreslå eit budsjett for 2024 på kr 920 000 for dei tenester som revisjonen utfører.

#### Sekretariatstenester:

Det er Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet. I tråd med Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet som vedtek eigarskapsandelen. Dette vert gjort i slutten av oktober 2023 og ein må difor her legge til grunn forslag frå dagleg leiar til styret og til representantskapet.

Dersom representantskapet vedtek endring i eigarskapsandelen for 2024, vil sekretariatet informere om dette etter at representantskapet har gjort sitt vedtak i oktober.

#### Kontrollutvalet:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv og talet møter byggjer på erfaringar frå tidlegare år. Om der ikkje kjem uforutsette hendingar som kontrollutvalet må handtere, så vert det planlagt fem møter i 2024. Godtgjersle knytt til kontrollutvalet er omfatta av Fjord kommune sitt reglement for folkevalgte og vert utbetalt direkte frå kommunen på

lik linje med andre folkevalde organ. For 2024 med fem møter vert møtegodtgjersla stipulert til i underkant av kr 52 000.

Det er sær s viktig for kvaliteten på kontrollarbeidet at kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. Det å delta i erfaringsutveksling og kompetansebygging på samlingar med andre kontrollutval er ein viktig del av dette.

I tillegg til konferansar vil det vere sær nyttig å få tilgang til faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane som har fokus på fagkompetanse på kontroll og tilsynsarbeid. Det er NKRF-kontroll og revisjon og Forum for kontroll og tilsyn - FKT. Abonnement på fagbladet Kontroll & revisjon og medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn er viktige kompetansestader. Fjord kommunestyre valde i 2022 å melde kommunen inn i FKT (forum for kontroll og tilsyn) etter tilråding frå kontrollutvalet. Medlemsskapet er lagt inn i den samla summen som her er forslått for kontrollutvalet. På bakgrunn av dette vert forslaget til eit budsjett for 2024 for kontrollutvalet være på kr 118 000,- og det inneheld då både møtegodtgjering og kurs/kompetanse for kontrollutvalet.

Budsjettforslaget på kr 1 439 000 for kontrollarbeidet i Fjord kommune for 2024 ser då slik ut:

Møtegodtgjersle kontrollutval	52 000	
Kurs og opplæring	50 000	
Abonnement og medlemskap NKRF og FKT	16 000	
<b>Kontrollutvalet</b>		<b>118 000</b>
<b>Sekretariatstenester (SKS IKS)</b>		<b>401 000</b>
Rekneskapsrevisjon (inkl. attestasjoner)	630 000	
Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	290 000	
<b>Revisjonstenester (MRR SA)</b>		<b>920 000</b>
<b>Sum kontrollarbeide 2024 Fjord kommune</b>		<b>1 439 000</b>

Kontrollutvalet si tilråding til budsjett skal følgje uendra med kommunedirektøren si tilråding om årsbudsjett, som går frå formannskap til kommunestyre etter kommunelova § 14-3 tredje ledd. Det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått. Jf. *Forskrift om kontrollutval og revisjon, § 2 kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet.*

Med bakgrunn i departementet sin rettleiar til kontoplanen i KOSTRA bør alle utgifter knytt til kontrollutval og revisjon førast med funksjon 110 slik at det er lett å finne det igjen i rekneskapen.

Frå Kostra-rettleiaren rapporteringsåret 2023:

«110 Kontroll og revisjon

*1. Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgsekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»*

Tilrådinga frå kontrollutvalet skal altså følgje saka om årsbudsjett 2024. Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med kommunestyret sitt budsjettvedtak for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Fjord kommune.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 15/23	Fjord kontrollutval	04.09.2023

### **Evaluering av perioden 2019 - 2023 Fjord kontrollutval**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

1. Fjord kontrollutval ber sekretariatet ta med vidare dei innspel til forbetring, som kjem fram i møtet.
2. Fjord kontrollutval ber om at saka med referat leggst fram for det nye kontrollutvalet til orientering.

#### **Bakgrunn:**

Når kontrollutvalsperioden går mot slutten, er det viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontroll utval. Det er eit håp at ikkje alle medlemmene blir skifta ut, slik at ein sikrar ein viss kontinuitet i arbeidet til utvalet. Sekretariatet og revisjonen vil også vere med på å halde oppe stabilitet. Det er uansett avgjerande å etablere ein god praksis for erfaringsoverføring.

I møte mellom sekretariatet og leiar Jonas Falch tysdag 22. august 2023 blei vi einig om å lage ei sak til siste møte. Saka opnar for ein «uformell» diskusjon kring utvalet sitt arbeide desse 4 åra. Det er ynskjeleg at både ordførar og kommunedirektør deltar i denne diskusjonen og kjem med synspunkt på utvalet sitt arbeid.

Det er også viktig at kontrollutvalet sine samhandlingspartnarar får høve til å diskutere arbeidet til kontrollutvalet og kome med innspelt til forbettringsområde. Både kommunestyret og administrasjonen kan ha verdifulle erfaringar som kan vere med på å gjere kontrollutvalet sitt arbeid endå betre.

Tema for diskusjonen kan være:

- Blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte?
- Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?
- Klarer kontrollutvalet å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte?
- Korleis blir utvalet oppfatta av andre sentrale aktørar slik som kommunestyret og administrasjonen?
- Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom kontrollutvalet, kommunestyret og administrasjonen?
- Korleis fungerer samhandlinga med revisor?
- Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet?

### **Vurdering:**

Sekretariatet vil skrive referat frå evalueringa. Dersom ein identifiserer forbetningsområde, kan ein føreslå konkrete tiltak. Sekretariatet vil og legge saka og referatet fram som eige melding til det nyvalde kontrollutvalet i Fjord kommune i tråd med tilrådinga.